

Planprogram Kommuneplan sin arealdel for Hyllestad kommune 2019-2030

Framlegg til høyring, i perioden 06.12.18 til 24.01.19. Handsama i formannskapet 28.11.18.



Innhald

INNHALD	2
BAKGRUNN FOR PLANARBEIDET	3
Planprogram.....	3
NASJONALE OG REGIONALE FØRINGAR.....	4
Nasjonale føringar.....	4
Regionale føringar.....	4
OVERORDNA UTVIKLINGSTREKK OG UTFORDRINGAR	5
Visjon og overordna målsetting.....	5
Overordna målsettingar :.....	5
LOKALE FØRINGAR.....	6
Fokusområde og utgreiingsbehov	7
UTGREIINGSBEHOV.....	8
Konsekvensutgreiing skal gjennomførast:.....	8
Tema i konsekvensutgreiing	8
ORGANISERING OG MEDVERKNAD	11
Framdrift	11
Medverknad	12
Innspel.....	13

Bakgrunn for planarbeidet

Kommuneplanen sin arealdel (KPA) skal vera Hyllestad kommune sitt overordna styringsdokument for korleis ein ynskjer arealutviklinga i kommunen skal vera, og ein reiskap for korleis ein skal møte nye og endra utfordringar i eit langsiktig perspektiv. Planstrategien vedteken april 2017, fastset at kommuneplanen består av ein samfunnsdel og arealdel. Samfunnsdelen vart revidert og vedteken juni 2018

Føremålet med revisjonen av KPA er for å sikre ein langsiktig og berekraftig arealbruk som legg til rette for ynskt vekst og utvikling i Hyllestad kommune. Arealdelen skal vere eit effektivt styringsverktøy for politikarar og administrasjon. Sosiale, kulturelle, økonomiske og teknologiske utviklingstrekk er viktige faktorar for arealbruken i kommunen. Det vert derfor viktig å sikre god samhandling mellom arealdel og samfunnsdel.

Hyllestad kommune sine overordna kommunale planar:

Kommunal planstrategi

Hyllestad kommunestyre vedtok planstrategien 2016-2020 26.04.17 K-sak 17/2147. Planstrategien er ein drøfting av kommunens strategiske val knytta til samfunnsutvikling i langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorens verksemd og ei vurdering av eit samla kommunalt planbehov i perioden.

Kommuneplanens samfunnsdel

Samfunnsdelen 2018-2030 vart vedteken 14.06.18 K-sak 18/339. Av samfunnsdelen syner dei langsiktige utfordringane, mål og strategiar for kommunen. Sentrale føringar i samfunnsdelen som vil ha verknad for arealdelen går fram av pkt.5.

Kommuneplanens arealdel

Arealdelen 2009-2020 vart vedteken 01.10.09 K-sak 042/09 Plan-ID 20070001

Planprogram

Plan- og bygningslova har innført eit lovbestemt krav (§4-1) til at det vert utarbeidd eit planprogram ved revisjon av kommuneplanen. Planprogrammet skal leggja til rette for ein god planprosess, og skapa best mogeleg rammer for arbeidet og skal minst gjera greie for:

- Føremålet med planarbeidet
- Planprosessen – deltakarar, fristar
- Opplagg for medverknad
- Skildring av evt alternativ som vert vurdert
- Behov for utgreiingar – spesielt i høve til forskrift om konsekvensutgreiingar

Nasjonale og regionale Føringer

Nasjonale føringer

- Nasjonale og regionale planar og retningslinjer/politikkdokument skal leggjast til grunn for planarbeidet i kommunane. Sentrale dokument er:
- Plan- og Bygningslova av 2008
- Naturmangfaldslova av 2009
- Folkehelselova av 2011
- Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. 25.3.2011
- Rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging. (T-5/93)
- Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barns og unges interesser i planlegginga. (T-5/95)
- Nasjonale forventningar til kommunal planlegging jfr PLBL §6. (Kongelig resolusjon 12.06.2015)
- Jordlova av 1995
- Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing
- Nasjonal jordvernstrategi

Regionale føringer

Sogn og Fjordane fylkeskommune som regional planstyresmakt har ei rekkje overordna planar som er vedtekne eller under utarbeiding, og gjev føringer for kommunen sitt planarbeid.

Vedtekne regionale planar:

- Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2016 - 2020
- Fylkesdelplan for arealbruk
- Fylkesdelplan for klima og miljø
- Handlingsprogram for klima og miljø 2016-2017
- Fylkesdelplan for landbruk
- Regional plan for folkehelse 2015–2025
- Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019
- Regional plan for Ottadalsområde
- Regional transportplan - analyse- og utfordringsdokument
- Regional transportplan - handlingsprogram
- Regional plan for vasskraft
- Verdiskapingsplan på nett
- Regional plan for Sogn og Fjordane vassregion 2016-2021
- Planar under arbeid
- Regional plan for kultur
- Fylkesdelplan for arealbruk
- Regional plan for klimaomstilling
- Regional plan for kysten
- Klimaprofil for Sogn og Fjordane

Overordna utviklingstrekk og utfordringar

Visjon og overordna målsetting

Visjon: Hyllestad kommune- inkluderande og attraktiv.

Dersom vi kan einast om og arbeide for ein felles visjon for framtida kan vi oppnå positiv folketalsutvikling, vekst i næringslivet og ein god kvardag som engasjerer alle aldersgrupper.

Overordna målsettingar :

Utviklingsorientert - raus - aktiv

- Hyllestad kommune skal ha positiv folketalsvekst.
- Hyllestad kommune skal sikre gode oppvekstvilkår og læremiljø for born i barnehage og skule
- Hyllestad kommune skal ha vekst i næringslivet.
- Hyllestad kommune skal vere ein god og trygg stad å bu for alle
- Hyllestad kommune skal vere ein veldriven organisasjon som yte raske og gode tenester
- Hyllestad kommune skal medverke til reduserte klimagassutslepp innan arealbruk og transport, bustadar og avfall

Folkehelse:

- Sikre sunne og trygge oppvekstmiljø
- Hindre aukande sosioøkonomiske skilnader og fattigdom
- Heilskapleg strategi for å møte trongen for helse-, pleie og omsorgstenester i framtida
- Målretta folkehelsesatsing og førebyggjande helsetenester vil vere særskilt viktig bidrag for å fremje god helse blant innbyggjarane.

Folketalsutvikling

Gjennom vedtak av den kommunale planstrategien, og i arbeidet med planprogrammet til samfunnsdelen, vart det peika på at dei største utfordringane for Hyllestad er knytt til folketalsutviklinga og den demografiske utviklinga. Folketalsutviklinga rører ved heile det økonomiske fundamentet for å kunne gje gode tenester til innbyggjarane, og reduserer det sosiale livet i kommunen. Samtidig kan demografien med størst auke i aldersgruppa +70, gje auka kostnader på helse- og omsorgstenesta. For næringslivet vil den negative folketalsutviklinga, særleg reduksjon i aldersgruppa 29 – 60, redusere deira evne til å skaffe nok og kompetent arbeidskraft.

Næring

Hyllestad har meir industri, landbruk og mindre tenesteyting enn gjennomsnittet i fylket og landet, med skipsverftet Havyard AS som den største arbeidsplassen i kommunen. Med ei veldig markant næring i verftet og servicebedrifter knytta til denne, så er kommunen sårbar for internasjonale konjunktursvingingar. Landbruket er framleis ein stor del av næringslivet i kommunen og det vert naudsynt å legge til rette for at næringa kan drive på ein meir klimavenleg måte. Kombinasjon av klimautfordringane, sentralisering, folketalsauke og auka behov for mat gir utfordringar for forvaltning av jordbruksarealet.

Kommuneøkonomi

Som følgje av blant anna den negative folketalsutviklinga, så er kommuneøkonomien under press. Kommunen er ein aktiv aktør for utvikling av tenester, næring og lokalsamfunn og det vert forventa at det må gjennomførast tiltak for å betre balansen i økonomien. Hovudutfordringa for den kommunale økonomien er å setja i verk tiltak som sikrar eit godt tenestnivå og held oppe tilstrekkeleg utviklings- og investeringskraft med nødvendig eigenkapital og god balanse mellom inntekter og utgifter

Lokale føringar

I Kommuneplanen sin Samfunnsdel (KPS) er det gjeve føringar for arealdelen:

Mål for arealplanen

- Arealplanlegginga skal sikre areal og utvikling av Hyllestad som sentrum
- Arealplanlegginga skal sikre levande grender utan reduksjon av dyrkbar eller dyrka mark.
- Arealplanlegginga skal sikre godt jordvern, god arealdisponering og samtidig styrke senterutviklinga i kommunen
- Ny arealbruk skal ikkje gjere tilstanden av vassførekomstar (elvar, bekkar, innsjøar, kystvatn) verre.
- Der det er mogleg skal nye bygg og bruk bidra til at miljømål vert nådd

Konkrete føringar for arealdelen:

- Arealdelen skal konkretisere og avgrense arealbruk knytt til tettstaddanning i Hyllestad sentrum, Sørbøvåg og Leirvik.
- Arealdelen skal ikkje konkretisere større område for spreidd busetnad
- For å redusere talet på dispensasjonssaker, bør ein i arbeidet med arealdelen avklare om nokre område vert satt av til spreidd bustadbygging, til dels i Sørbøvåg.
- Retningsliner for spreidd busetnad i LNF område. Hovudprinsippa i retningslinene skal være:
- Spreidd bustadbygging må skje utan å redusere landbruksareal og drift av landbrukseigedomar
- Bustadbygging av einiskildhus skal som hovudregel ikkje skje på dyrka, dyrkbar mark eller andre verdifulle naturtypar.
- Bygging av einskilde bustadar skal være knytt til stadbunden næring
- Bygging skal ikkje kome i konflikt med verdifulle naturtypar
- Retningsliner for utbygging av fritidsbustadar
- Ikkje bygge på jordbruksareal jamnfør jordvernstrategi for Sogn og Fjordane
- Utbygginga skal bygge opp om bustadstrategiane i samfunnsdelen
- Utarbeide temakart som viser samanhengande jordbruksareal som ikkje er i aktiv drift
- Ved å innarbeide gode og framtidsette områder for akvakultur
- Kulturminna i kommunen må implementerast i arealdelen for å sikre vern.
- I tråd med regional planføresegn skal Hyllestad kommune gjennom kommuneplan eller områderegulering avgrense og definere sentrumsområdet.
- Sentrumsutviklinga skal fylgjast opp ved revidering av områdereguleringsplan for sentrumsområda Hyllestad, Leirvik og Sørbøvåg.
- Framtidig planlegging beskyttar økosystemets tilstand og biologiske mangfald.

Fokusområde og utgreiingsbehov

Arealdelen skal vise samanhengen mellom mål og strategiar gitt i kommuneplanens samfunnsdel og arealdisponeringa.

Mål og strategiar i kommuneplanens samfunnsdel er førande for arbeidet med arealdelen. Alle problemstillingar identifisert i samfunnsdelens «Føringar for arealdelen» vil verte drøfta og utreda i arealplanarbeidet.

Overordna

- I planarbeidet skal kriterier for lokalisering av nye bustad- og næringsareal definerast.
- Planen skal drøfte framtidig arealbruk og utviklingsretning
- Gjeldane føringar skal gjennomgå og vurderast endra, og det skal vurderast behov for fleire retningslinjer.
- Eldre reguleringsplanar skal gjennomgå og vurderast endra/oppheva
- Vurdering av byggegrense, utarbeide føringar og evt retningslinjer, gjennomgå eldre planar som er i strid for strandsona.

Sentrumsutvikling og bustad

- Vurdere gjeldane sentrumsområder i kommunen, sjå på revidering av områdereguleringsplanar.
- Det skal vurderast kva område i kommunen som kan setjast av som område for spreidd busetnad. Det skal her bygge på føringane i frå samfunnsdelen.
- Behovet for areal til fritidsbusetnad og retningslinjer for dette bør vurderast.
- Grenser for arealformål og omsynssoner skal gjennomgå for å vurdere mindre endringar som betrar samsvaret med reguleringsplangrenser og tomtgrenser

Omsyn

- Det skal vurderast om det er naudsynt for nye omsynssoner knytt til auka sannsyn for kraftig nedbør- og flomskred og stormflo
- Det skal vurderast om det er behov for nye omsynssonar for ivareta natur-, kulturminne, kulturlandskap og friluftsverdiar.
- I planarbeidet skal kystsona gjennomgå og arealformål, eventuelle omsynssonar, strandsonегrense og byggjegransa i 100-metersbeltet vurderast.

Verdiskaping

- Behov for nytt næringsareal og vurdering av eksisterande areal i kommunen.
- Behov for og eventuell lokalisering av masseuttak/pukkverk og massedeponi bør avklarast
- Behov for og eventuell lokalisering av akvakultur- og fiskeriareal bør avklarast
- Omdisponerte områder som er fulldyrka mark skal vurderast tilbakeført til LNF.

Infrastruktur

- Vurdere arealformål og retningslinjer på fylkes- og kommunale vegar og leggast til rette for utbetring.

Utgreiingsbehov

Kommuneplanens arealdel omfattast av forskrift om konsekvensutgreiingar, heimla i plan- og bygningslova. Føremålet med konsekvensutgreiinga er å sikre at omsynet til miljø og samfunn vert ivareteken i utarbeidinga av planar eller tiltak. Dette må sjåast i samheng dei analysane og prognosane som er gjort i kommuneplanens samfunnsdel. Konsekvensutgreiingane skal skildre verknader for miljø og samfunn av utbygging eller vesentleg endra arealbruk i eksisterande byggjeområder.

Blant utredningstema nemnd i førre kapittel er desse områda identifisert som serleg omfattande, der det vil være behov for eigne konsekvensutgreiingar.

Delutgreiing

- Identifisera kriterier for lokalisering av nye bustad- og næringsområder
- Strandsona –Vurdere innteikning av strandsonegrense, vurdering av arealformål, omsynssone og byggegrense, utarbeide føringar og evt retningslinjer.
- Masser – uttak og deponi. Behov og lokalisering vurderast
- Klimatilpassing – kartlegging av risiko og utarbeiding av føringar og evt. Retningslinjer
- Grunnforhold – skredfare. Kartlegging og vurdering av føringar og evt. Retningslinjer

Konsekvensutgreiing skal gjennomførast:

- 1) I nye områder avsett til utbyggingsformål
- 2) Ved endra utbyggingsformål
- 3) Ved opning for spreidd busetnad i LNF-områder
- 4) Ved bandlegging etter plan- og bygningslovens § 11-8 tredje ledd kan være omfatta av konsekvensutgreiingskrav
- 5) Ved endring i utfyllande avgjerd

Analysar og utgreiingar som grunnlag for planarbeidet:

- Overordna ROS-analyse under utarbeiding
- Bandlegging etter naturskadelova - Ras frå Lifjellet
- Folkehelseprofil for Hyllestad kommune

Kunnskapsgrunnlaget er eksisterande anerkjente nasjonale, regionale og lokale databaser, kartleggingar, registreringer, planer og litteratur og ressurspersoner. Viss det avdekkast kunnskapshol skal avgjersrelevante, nødvendige nye registreringer gjerast. Det vert engasjert eksterne konsulentar for utgreiingar av enkelte deltema der det er aktuelt.

Tema i konsekvensutgreiing

Det er mange temaer som skal vurderast i en konsekvensutgreiing. Hyllestad kommune har valgt å strukturera konsekvensutgreiinga på følgjande måte:

- 1) Dyrka mark, skogressursar
- 2) Natur- og landskapsverdiar, biologisk mangfald

- 3) Barn og unges interesser
- 4) Rekreasjon og friluftsliv
- 5) Landskap og grønstruktur
- 6) Kulturminner
- 7) ROS: klimatilpassing, forureining, samfunnssikkerhet og beredskap, ROS-analyse
- 8) Klimautslepp og anna forureining (miljø)
- 9) Transport og infrastruktur
- 10) Sentrumsutvikling. Fokus på Hyllestad, Sørbøvåg og Leirvik
- 11) Sosial infrastruktur. For eksempel skule, barnehage, omsorgsbustader, behov for nybygg

Dyrka mark og skogressursar

Landbruksområda i kommunen er spreidd rundt i kommunen. I tråd med føringane ifrå samfunnsdelen, så bør utbygging i kommunen gjerast på ein måte der viktige landbruks hensyn vert ivareteken. Det er eit nasjonalt mål og redusera nedbygginga av dyrka mark.

Natur og landskapsverdiar

Urbanisering og utbygging i urørte område kan være mot det biologiske mangfaldet. I tråd med det nasjonale målet om å redusera tap av biologisk mangfald, vil Hyllestad kommune arbeide for at dette vert ivareteken.

Barn og unges interessa

Barna er framtidens innbyggjarar i kommunen. Barnas oppvekstvilkår er avgjerande for deira mogeligheter for ein trygg oppvekst, fysisk og psykisk helse. Plan- og bygningslova stiller krav for å sikra medverknad i utarbeidinga av planar. Prognosane presentert i kommuneplanens samfunnsdel syner at sjølv med den forventa negative folkeveksten, så må ein rekne med vekst i barnehagetala fram mot 2030. Barn og unges interessa skal derfor vere ein del av konsekvensutgreiinga.

Rekreasjon og friluftsliv

I kommunen er det tilrettelagte stiar for både gåande og rullande. Kommunen har eit felles turkart med nabokommunen Fjaler som syner merkte og mykje brukte stiar i heile kommunen. Det er kort veg til skog, mark og naturopplevingar i kommunen, og det vert viktig at spesielt dei sentrumsnære friluftsområda forvaltast på ein god måte. Lett tilgjengelege rekreasjonsområde er viktig for folkehelsa og er viktig å vurdere i konsekvensutgreiinga.

Landskap og grønstruktur

Hyllestad kommune har eit kystpreg som er typisk for ytre delar av Sogn og Fjordane med kupert terreng, bratte og skodekte fjellsider og til dels skrinne jord. Grønstruktur i mindre eller større naturområde rundt tettstadane gjer moglegheit for naturopplevingar og friluftsliv. Når det eventuelt vert lagt ut nye område til utbygging, er det viktig å sikra grønstruktur i tilknytning til desse områda.

Kulturminner

Kulturminner og kulturmiljøer er ein del av vår felles kulturelle arv. Befolkningsvekst, utbygging og næringsutbygging fører i nokre tilfelle til konflikter mellom vern og utviklingsynskje. Det fordrar at kulturminner og kulturmiljø vert ivareteken og vern i tråd med kulturminnemynde si tilråding.

ROS: klimatilpassing, forureining, samfunnssikkerheit og beredskap

ROS-analyser er ein viktig del av kommuneplanarbeidet. Om det det vert føreslegen utbyggingar i område som det er stor usikkerheit til samfunnssikkerheit og beredskap, skal det avvisast eller stillast krav om sikring før ein eventuell utbygging. Kommuneplanen skal bidra til å redusera talet hendingar som sette liv og materielle verdiar i fare. Klimatiske endringar som påverkar været og som gjev meir ekstremvær, vil god planlegging være med på å redusera skadeomfanget av for eksempel kraftig nedbør.

Klimautslepp og anna forureining

I tråd med dei nasjonale klimamåla og strategiar ifrå samfunnsdelen, så vil Hyllestad kommune gjere sitt for å minske klimautsleppa. Ein stor del av denne utsleppsreduksjonen må i Hyllestad tas ifrå transport. Dette fordrar ein fortetting i sentrum og bygdene i kommunen og tilrettelegging for alternativ transport og kjøretøy på fossil brensel. Utbygging i seg sjølv kan føre til forureining av grunn og luft, eller legge til rette for verksemd som vil gje forureining. Dette må eventuelt skildrast i konsekvensutgreiinga og avbøtande forslag må synast.

Transport og infrastruktur

Infrastrukturen er det som bite bygder og grender saman. Infrastrukturen omfattar for eksempel veger, gangstiar, telefon/internett, straumforsyning, vatn og avlaup. I nokon områder er det små endringar som skal til for infrastrukturen vert overbelasta. Hyllestad bør vere framover lent i klimaarbeidet. I Hyllestad kommune er det per i dag mogleg å pumpe drivstoff til bil på ein lokalitet, men det er ingen hurtigladar for elbil. Hyllestad kommune har lagt til rette for lading for tilsette og besøkande ved offentlege bygningar.

Sentrumsutvikling. Fokus på Hyllestad, Sørbøvåg og Leirvik

I kommuneplanens samfunnsdel har det blitt satt fokus på utviklinga av tettstadane Hyllestad, Sørbøvåg og Leirvik. Områdereguleringa for Hyllestad har blant anna som mål å sikre eit levande sentrum for dei bygdene rundt i kommunen. I same prosess vert det viktig å sjå tiltak for å stimulera til spreidd busetnad for å styrke bygdene i kommunen.

Sosial infrastruktur

Hyllestad kommune har ein barne- og ungdomskule og ein barnehage lokalisert i Hyllestad. Dei offentlege tenestene og viktige samfunnsfunksjoner er konsentrert rundt Hyllestad, med unntak av omsorgsheimen lokalisert på Sørbøvåg. Prognoser i kommuneplanens samfunnsdel syner at ein stadig større del av befolkninga vert eldre, og det bør derfor leggjast til rette for utbygging av omsorgsbustader i sentrumsnære områder for å møte denne veksten.

Samla vurdering

KU-forskrifta krev ei skildring av påverknaden både av dei enkelte utbyggingsområda, kvar for seg, og av dei samla arealbruksendringane i planen. Kravet om ein samla vurdering inneberer eit overordna nivå der langsiktigheit og heilhet bør stå sentralt. Samfunnsdelen legg premissar for kva slags samfunn kommunen ynskjer å utvikla basert på analyser og prognoser for den kommande kommuneplanperioden. Ei samla vurdering bør derfor også ta med det langsiktige perspektivet som ligg til grunn for kommuneplanens samfunnsdel.

Utgreiing av alternativ

I rettleiinga til konsekvensutgreiing vert det peika på at utgreiing av alternativ bør stå sentralt i kommuneplanens arealdel. I tråd med dette bør konsekvensutgreiing av kommuneplanens arealdel fokusera på korleis viktige miljø- og samfunnsomsyn vert råka av alternative strategiske val som er oppe i planarbeidet.


Det første alternativet til ein utbygging av eit område er å ikkje leggje til rette for utbygging. (0-alternativet). Det vil utgjere at det heller ikkje vert lagt til rette for utbygging på alternativ lokalisering, delvis utbygging eller anna utnyttingsgrad eller anna utbyggingsformål. I kvart av forslaga som kjem inn til behandling vil det vere naudsynt å ta ein kort vurdering av om det er nokon alternativ til innspelet.

ORGANISERING OG MEDVERKNAD

Arbeidet vert organisert etter ein enkel modell basert på dei styringslinjer som alt ligg i kommuneorganisasjonen. Dette er gjort for ikkje å etablere nye og kanskje unødige byråkratiserande ledd, men og for å tydeleggjere ansvaret som ligg i gjeldande organisering i høve planarbeidet.

Formannskapet er politisk styringsgruppe for arbeidet og vil nytte dette og som ein politisk drøftingsarena der representant for alle partia i kommunestyret vert invitert inn. Leiargruppa til rådmannen utgjer den interne koordinerings- og samordningsgruppa og skal sikre god kopling til sektorane og dei tilsette. For å

jobbe med einskilde sektortema vert det etter behov etablert tidsavgrensa arbeidsgrupper. Til slike grupper vil og eksterne personar bli invitert inn der dette er tenleg.



Framdrift

Det er lagt opp ein stram tidsplan, og undervegs må ein ta stilling til om ein vil halde på denne ramma, eller om det er behov for å forskyve heile eller deler av arbeidet. For å sikre god framdrift og vise vilje til ei effektiv planlegging, der ein ikkje gjer planlegginga meir omfattande enn naudsynt, er det medvite at det er lagt ein svært stram tidsplan. Framdrifta viser dei viktige formelle milepålane med politisk handsaming og formelle møtepunkt i medverknadsprosessen.

Fasar	Oppgåver	Samarbeid og medverknad	Ansvarleg	Fristar/framdrift
Planprogram	Planforum med regionale sektormyndene		Rådmann	Oktober/November
	Vedtak utlegging av planprogram og varsel om oppstart av planarbeid		Formannskapet	29.11.18
	Folkemøte og evt temamøter.		Rådmann	Januar 2018
	Frist: innspel til planprogram			Januar 2019
	Handsaming av merknader		Rådmann	Februar 2019
	Vedtak av planprogram		Formannskapet Kommunestyret	Februar/mars 2019
Konsekvensutgreiing og planløyisingar	Utarbeide framlegg til arealdel: Kunnskapsgrunnlag og situasjonskildring, føresegner, planomtale, KU og ROS-analyse		Rådmann	Februar – Juli 2019
	Drøftingsutkast		Formannskapet	mai 2019

	Planforum med regionale sektormynde		Rådman	April - Mai 2019
Planframlegg og planhandsaming	1.g handsaming og utlegging til offentlig ettersyn – vedtak		Formannskapet	Juni/juli 2018
	Offentleg ettersyn av planframlegg – 6 veker		Rådman	Juni/Juli 2019
	Handsaming av merknader, utarbeiding av endeleg planframlegg		Rådman	August/september 2019
	2. gongs handsaming av planframlegget		Formannskapet	Hausten 2019
	Vedtak arealdelen		Kommunestyret	Vinter 2019

Medverknad

Det inviterast til medverknad i tråd med plan- og bygningslovas §§4.1 og kapittel 5. Det er tre hovudfasar for aktiv medverknad og deltaking i planarbeidet.

1. Planprogramfase
 - a. Brei fase som gjeld kommuneplanarbeidet som heilhet
 - b. Kontaktmøte med regionale sektormynde og møte med alle kommunalavdelingar
 - c. Formell høyring av planprogrammet der alle vert invitert til å gje innspel skriftleg på kommunehuset.
2. Planfase
 - a. Medverknad er i hovudsak knytte til konkrete tema og problemstillingar som utgreiast som grunnlag for planforslag
 - b. Hovudtyngda av arbeidet føregår internt i kommunen med brei politisk diskusjon og deltaking frå alle kommunale sektorar. Interesseorganisasjonar, næringsliv og aktuelle mynde kontaktast ved behov.
3. Høyringsfase
 - a. Brei fase som gjeld kommuneplanarbeidet som heilhet
 - b. Kontaktmøte med regionale sektormynde og møter med alle kommuneplanavdelingar
 - c. Formell høyring av plan der alle inviterast til å gje innspel.

Folkemøte

I perioden planprogrammet er lagt ut til offentlig ettersyn vert det gjennomført eit folkemøte i kommunen og temamøte med dedikerte arbeidsgrupper frå næringa i kommunen. I møta vert det informert om planarbeidet og føresetnader som er lagt til grunn. Frist for innspela er den same som frist for høyring av planprogrammet.

Frist på innspel

Planprogrammet vert lagt ut til offentlig ettersyn i minst seks veker. I denne perioden skal innspel til ny/endra arealbruk fremjast ovanfor Hyllestad kommune.

Innspel

Innspela som skal leverast kommunen skal omfatta m.a. fylgjande opplysingar:

- Informasjon om eigartilhøve og gbnr
- Kart med tydeleg avgrensing av område med framlegg til endra arealbruk
- Omtale av framlegg til endra arealbruk og omfanget av eventuell framtidig utbygging, og
- tidsramme for gjennomføring av tiltaket
- Kort skildring og grunngjeving for forslag til endring/ny arealbruk
- Kart med eintydig avgrensing av arealet som vert føreslått endra

Vurdering av innspel

Planprogrammet er eit utgreiingsprogram der det skal takast stilling til kva område som skal konsekvensutgreiast og handsamast i arealdelen. Administrasjonen vil vurdera alle innspel og i denne fasen gjennomføre ei siling av dei aktuelle områda. Basert på tidligare erfaring vil nokre område som vil gå ut m.a. grunna store konflikhtar i høve til arealbruksinteresser. Det vil så verte utarbeidd ein rapport som grunnlag for politisk handsaming om kva område som bør gå ut og kva område som vil verte med til vidare vurdering og konsekvensutgreiing. Dei sentrale kriteria for siling av område er:

- Er ikkje i sterk konflikt med viktige verneverdiar og overordna føringar
- Er aktuelle for oppstart i kommane planperiode
- Er i samvar med lokale føringar i gjeve i samfunnsdelen eller andre sentrale politiske dokument som er handsama av Hyllestad kommune.

Planforum

I arbeidet med arealdelen vil det bli avdekkta område der kommunen ikkje åleine har verkemiddel for å få gjennomført naudsynte tiltak. Det blir avgjerande at overordna og regional mynde blir aktive deltakarar og kjenner seg forplikta på dei føringane som vert lagt i planarbeidet. Det er difor avgjerande at vi klarar å etablere tidlege og gode prosessar der desse vert involvert og får påverke innhaldet i arealdelen. Kommunen vil nytte planforum som fellesarenaen i dialogen med overordna og regional mynde i tillegg til dialogmøte med einskildaktørar etter behov og ynskje.

Planforum vert gjennomført i to omgangar:

- Før offentleg ettersyn av planprogram
- Før offentleg ettersyn av KPA



Hyllestad
kommune

Kommunehuset
6957 HYLLESTAD
www.hyllestad.kommune.no